

Reglement for lån og bruk av iPad/bærbar PC i skulen i Bømlo kommune

Heimel

Forskrift om skulereglar for grunnskulane, Bømlo kommune, Vestland

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2024-09-23-2286>

I gjeldande forskrift om skulereglar § 4.1.e står det at i tillegg til forskrifta, skal elevane følgja kommunen og skulen sine reglar om bruk av digitalt utstyr og program.

Generelt

Elevar får tildelt ei merka maskin og ladar. Maskina skal brukast som eit læringsverktøy når lærar seier det. IPad/bærbar PC og ladar er skulen sin eigedom.

Elevane skal ikkje:

- Endre maskina eller dekorere den.
- Øydelegge eigen eller andre sin maskin.
- Byte maskin med andre elevar.
- Dele eige passord eller bruke andre sitt passord.
- Laste ned eller bruke appar utan godkjenning frå lærar eller IKT-ansvarleg.
- Laste ned ulovleg eller upassande innhald (t.d. vald, pornografi m.m.).
- Misbruke identitet eller opptre som nokon annan.

Ansvar og kontroll

Eleven har ansvar for trygg bruk av utstyret og for å ta vare på eigne dokument. Dersom det oppstår mistanke om brot på reglane, kan IKT-ansvarleg sperre maskina for sikkerheits skuld og be om at ho blir levert inn. IKT-ansvarleg kan fjerne innhald som bryt med reglane og om nødvendig nullstille maskina. Maskina skal leverast tilbake når eleven får melding om det, eller sluttar på skulen.

Bruk på skulen

Maskina skal berre brukast når lærar gir beskjed. I friminutt og matpause skal maskina ligge i sekken. Maskina skal ikkje brukast eller takast med ut i friminutta.

Bruk heime

Føresette har ansvar for å sjå til korleis eleven brukar maskina heime. Føresette har ansvar for å følgja med på kva eleven får tilgang til på nettet når eleven nyttar maskina heime.

Brot på reglane

Brot kan føre til:

- Varsel til føresette.
- Inndraging av maskin og sperring av konto.
- Erstatningsansvar ved skade eller hæverk.